

Osterøy kommune
Rådhusplassen
5282 Lonevåg



Hauge, 05.12.2022

Søknad om løyve til tiltak på gnr. 14 og bnr. 345

Vedlagt ligg søknad om løyve utan ansvarsrett. Tiltaket gjeld oppføring av tilbygg til eksisterande rekkehusleilegheit. Området er sett av til bustader, frittliggjande småhus i arealplanen Områderegulering Lonevåg - Hatland. Det vert søkt om dispensasjon frå byggegrensa mot veg i arealplanen.

Søknad om dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5430 er sendt til kommunen via Statens vegvesen sitt digitale søknadsskjema.

Bygget ligg i omsynssone, gul sone støy. Her vil hekken ta ein del støy, samt at den nye soveplassen med sovealkove, ligg godt skjerma for vegen med si plassering inntil eksisterande leiligheit (sjå planteikning).

Naboar er varsla og det er ingen merknadar.

I utrekninga av utnyttingsgrada for tomta er ikkje parkering tatt med, då leilegheitene i dei to rekkehusa har felles parkering. Viser til innteikna fellesparkering på eldre situasjonsplan som er vedlagt, samt på tidlegare reguleringsplan Lonevåg – Hatland frå 1993.

Erklæring frå heimelshavar om samtykke til tiltaket, vil verta ettersendt.

Me håpar søknaden kan handsamast slik den føreligg. Ta gjerne kontakt dersom det er manglar eller noko er uklart.

Med venleg helsing
Helge Rød A/S


Synnøve Tveiterås

Helge Rød as
5281 Valestrandsfossen
Tlf.: 56 19 37 00
Fax: 56 19 37 01
E-post: firmapost@helgerod.no
www.helgerod.no
Bankgiro: 6537.05.00260
Org.nr.: NO 885 574 602 MVA